

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - M12	16/383

Saknr	Utval	Type	Dato
040/2017	Formannskapet	PS	19.04.2017
015/2017	Kommunestyret	PS	04.05.2017

## Handsaming av Masfjorden kommune si ROS-vurdering knytt til vassforsyninga

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

VassforsyningsROS Masfjorden kommune februar 2017

VassforsyningsROS Masfjorden kommune februar 2017

#### Dato

04.04.2017

04.04.2017

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

ROS-analyse for vassforsyninga til Masfjorden kommune dagsett 01.02.2017 vert i medhald av drikkevassforskrifta sin § 6 godkjent slik det ligg føre.

Rådmannen får fullmakt til å revidere dokumentet ved behov.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn og fakta

Mattilsynet gjennomførte revisjon av Masfjorden kommune sine vassverk den 24.05.2016. Etter revisjonen vart det sendt ut ein tilsynsrapport, med krav om at vassverket måtte utarbeide ein eigen ROS-analyse for heile vassverket. Vedtaket vart grunngjeve med drikkevassforskrifta sitt krav knytt til ansvar for drikkevatt som vert levert m.v. Kravet var at det vart utarbeidd ein eigen ROS-analyse som skildra alle vassverka som kommunen har ansvar for, og frå nedbørsfelt til mottakar. Frist for gjennomføring vart sett til 01.12.2016. Fristen vart seinare forlenga til 01.02.2017.

Ein slik ROS-analyse skal inngå i kommunen sitt internkontrollsystem, og skal sikra at sårbarheiten frå nedbørsfelt til mottakar er kartlagt så godt som mogeleg.

Ei arbeidsgruppe med teknisk sjef Roald Kvingedal, driftansvarleg Gunnar Molland og assisterande rådmann Sveinung Toft byrja hausten 2016 med å laga ein ROS-analyse. Som utgangspunkt for arbeidet vart kommunen sin eigen overordna ROS-analyse lagt til grunn (godkjent i kommunestyret den 29.10.2015).

Nedunder er dei fem kommunale vassverka vist. Desse er:

**Masfjorden hovudvassverk**, (300 abonnentar) som forsyner mesteparten av innbyggjarane som soknar til tettstadane Hosteland, Sandnes og bygda Andvik, samt grender lenger vest i retning grensa mot Gulen, samt Gulen kommune i området Sløvåg/ Hovden.

**Matre vassverk**, som forsyner bygda Matre med drikkevatn frå to borehol i lausmasser. 68 abonnentar.

**Solheim vassverk**, som forsyner bygda Solheim med drikkevatn frå 4 borehol i fjell. 22 abonnentar.

**Haugsvær vassverk**, som forsyner bygda Haugsvær med drikkevatn frå 4 borehol i fjell. 35 abonnentar.

**Skolten vassverk**, som forsyner bustadfeltet på Skolten og nokre omkringliggjande bustader med drikkevatn frå eitt borehol i fjell. 10 abonnentar.

Dokumentet som no ligg føre har fått følgjande samandrag :

*Den gjennomførte ROS-analysen gjev eit overordna bilde av risiko- og sårbarheitssituasjonen for drikkevassforsyninga i Masfjorden kommune, frå kjelde til tappekran.*

*Målet med ROS-arbeidet har vore å få identifisere mogelege uønska hendingar, rangere hendingane etter risikonivå og prioritere og iverksetja forebyggjande og skadeavgrensande tiltak.*

*Analysen er utført med utgangspunkt i metode og klassifiseringssystem som er skildra i Mattilsynet sin veileder "Økt sikkerhet og beredskap i vannforsyningen."*

*Vurderingane er basert på vassforsyninga sin status pr **november 2016**, tilgjengeleg informasjon og dokumentasjon, fagleg skjøn, lokalkunnskap og erfaring.*

*Hovudkonklusjonen fra ROS-analysen er at vassforsyninga er noko sårbar dersom uønska hendingar rammar vasskjelda, vassbehandlingsanlegget eller brot på overføringsleidningar over lengre tid skulle inntreffe. Dette skuldast hovudsakleg at vassverka har avgrensa tilgang til reservevassforsyning. På den andre sida er fire av vassverka relativ små, og kan forsynast med tankbil i lengre periodar om naudsynt.*

*Hovudvassverket har førebyggjande tiltak som fleire hygieniske barrierer, dobling av kritiske komponenter t.d. to sjøleidningar over fjorden, tilgang til naudstrøm, god kontroll og overvaking, samt kompetent person som har fokus på førebyggjande drift og vedlikehald. Dette er med å redusere det totale risikonivået ved vassforsyninga. Det er likevel eit faktum at det berre er ein fagperson som kan anlegga skikkeleg, og det er noko ein må vurdere nærmare.*

*Resultatet av analysen klarleggjer behovet for beredskap og rår til fleire konkrete førebyggjande driftstiltak. Risikotilhøve som berre kan reduserast gjennom større investeringar og utbedringar av vassverk må innlemmast i ny hovedplan for vassforsyninga når den kjem. **Sjå status i "Forslag til handlingsplan"** .*

*Tiltaksvurdering er gjennomført for alle hendingar med høg eller middels risiko. Tilrådte tiltak er*

*konkretisert i eigen handlingsplan.*

I tillegg til sjølve dokumentet ligg det og føre eit vedlegg som er unnateke offentleg innsyn som heiter: «*Hovudskjema for ROS-analyse alle vassverka*». Dette dokumentet tek utgangspunkt i potensielle hendingar som er vist i vedlegg 1-6, som gjeld risikovurdering for uønska hendingar i dei ulike vassverka.

Framlegg til ROS-analyse vart oversendt Mattilsynet i e-post den 01.02.2017, og seinare med litt kvalitetsikring sendt over som eit formelt brev til Mattilsynet den 15.02.2017.

Mattilsynet har i brev av 20.02.2017, oversendt den 24.02.17, skrive at dei har vurdert tilbakemeldinga frå Masfjorden kommune, og meiner no at kommunen har etterlevd regelverket og deira krav om eigen kommunal ROS-analyse for vassforsyninga.

### **Vurdering**

Sidan denne ROS-analysen gjeld heile drikkevassforsyninga som kommunen har ansvaret for, inngår dette dokumentet som eit av fleire viktige dokumenta innanfor det kommunal beredskapsarbeidet. Som vassverkseigar har kommunen eit stort ansvar for denne grunnleggjande forsyninga, og det er difor føremålsteineleg å leggja saka fram til kommunestyret til handsaming. Vassverket har ca 435 tilknytte abonnentar inkludert skular, barnehagar, sjukeheimen ned vidare, og vert difor definert som kritisk infrastruktur.

Sidan Masfjorden kommune også leverer drikkevatt til Gulen kommune, er denne analysen også eit reiskap for nabokommunen som skal oppfylle drikkevassforskrifta sine plikter etter at drikkevattet går over kommunegrensa.

Målet med vassforsyningsROS er følgjande:

- Å avdekka behov for risikoreducerande tiltak
- Rangere hendingar i høve til risiko som grunnlag for nærmare vurdering i beredskapsanalysen
- Analysen kan og bidra til å finna fram kostnadseffektive tiltak som kan erstatte eksisterande løysingar

I forslag til handlingsplan for 2017 – 2021 er det vist framlegg til tiltak, som kvar for seg vil vera med på å redusera risikoen for uønska hendingar i drikkevassforsyninga.

### **Konklusjon**

Rådmannen viser til Mattilsynet sin tilbakemelding, og meiner at kommunestyret kan slutta seg til dokumentet slik det no ligg føre.

Arbeid med risikohandtering er ein kontinuerleg prosess. ROS-analysen bør reviderast jamnleg, for å avdekka om risiko- og sårbarheitssituasjonen endrar seg.

## **Formannskapet - 040/2017**

### **FS - behandling:**

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyre.

### **FS - vedtak:**

ROS-analyse for vassforsyninga til Masfjorden kommune dagsett 01.02.2017 vert i medhald av drikkevassforskrifta sin § 6 godkjent slik det ligg føre.

Rådmannen får fullmakt til å revidere dokumentet ved behov.

## **Kommunestyret - 015/2017**

### **KS - behandling:**

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

ROS-analyse for vassforsyninga til Masfjorden kommune dagsett 01.02.2017 vert i medhald av drikkevassforskrifta sin § 6 godkjent slik det ligg føre.

Rådmannen får fullmakt til å revidere dokumentet ved behov.